



Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

27. august 2019

## Vedr. Sak 17/3013 innspel til arealdel kommuneplan Lindås kommune

Visar til Plan- og miljøutvalet sin 1. gangs høyring av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 sak 17/3013 med frist for å koma med innspel er 27.august 2019

Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS er to sjølvstendige selskap også kalla Lerøy Sjøtroll (LS), som driv med akvakultur i Lindås kommune. LS har derfor eit innspel til AK-området ved Skårabogen utanfor Bjørsvik, område det er snakk om er visa i vedlegg 1. I føresegner og retningsliner for dette arealet står det «i områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU anlegg. Heimel: Pbl. § 11-11 nr.3». Slike lukka anlegg er ikkje satt i kommersiell produksjon og ein veit derfor ikkje korleis desse vert utforma i framtida. Samtidig er der store djupner utanfor Bjørsvik, noko som vil gjera det utfordrande å fortøya slike anlegg.

Innspel frå LS er vist i vedlegg 2, her er blå rektangel vist som areal der ein kan ha eit lukka anlegg eller FOU anlegg plassert i overflata. Her er også hjørneposisjonane oppgitt og totalt er dette området 220m x 1000m. Årsaka til dette forslaget er at ein har moglegheit til å plassera eit FOU- eller lukka anlegg i overflata, ein stad innanfor det blå feltet og samtidig kunna fortøya anlegget innanfor det grøne feltet der ankerliner og bolter/anker kan ligga ned i vassmassane til botnen. I vedlegg 3 har vi lagt inn AK-området som gjeld i dag samanlikna med LS sitt forslag. Med ei slik løysing vil ein unngå å koma i konflikt med planen når ein ønsker å legga eit anlegg i området som skal fortøyast etter Norsk Standard og få anleggssertifikat.

Vedlegg

Med vennlig hilsen

*Nils Arve Eidsheim*

Nils Arve Eidsheim  
Samfunnkontakt  
Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk

**LERØY VEST**

Skipavika 54,  
5397 Bekkjarvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00  
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email [firmapost@sjotroll.no](mailto:firmapost@sjotroll.no)  
[leroyseafood.com](http://leroyseafood.com)